

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Torstveit, Vindafjord kommune

Fylkesmannen sendte 21. februar 2019 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Torstveit i Vindafjord kommune.

Det kom i alt fire merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfatar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. Dei har ingen merknader til oppstart av frivillig skogvern på Nordåker i Tysvær kommune.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Forsvarsbygg har vurdert området med omsyn til Forsvarets arealbruksinteressar. Dei ber om naudsynte unnataksreglar om militær operativ verksemd blir inkludert i forskrifta.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering, og tek utgangspunkt i dei standardformuleringane i verneforskrift som omtalar militær operativ verksemd.

Statens vegvesen har ingen merknader til saka da området ikkje grenser til riks- eller fylkesveg.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har tre merknader til oppstartmeldinga:

- (i) Kraftnett; eit eksisterande kraftnett kryssar foreslått verneområde, og NVE ønsker at det blir teke omsyn til drift og vedlikehald gjennom forskrifta.
- (ii) Vindkraft; NVE peikar på at dei i forslag til nasjonal ramme ikkje har ekskludert området frå eigna for vindkraft. NVE stadfestar at eventuelle framtidig vindkraftutbygging vil skape konflikt med naturverdiane som ligg til grunn for eit vern. NVE peikar også på at område i seg sjølve ikkje vil være aktuelt for utbygging, men at åtkomst vil kunne råka vernet. NVE ber Fylkesmannen ta omsyn til at eventuell vindkraftutbygging utanfor vernet gjennom å opna for naturinngrep innanfor verneområdet, til dømes infrastruktur, under spesielle dispensasjonsreglar (§ 7).
- (iii) Inntaksdam; NVE peikar på ein inntaksdam innanfor verneområdet, og ber Fylkesmannen inkludera vedlikehald av dam og vassveg i forskrifta.

Fylkesmannen vurderer dei dei tre merknadane individuelt:

- (i) Kraftnett; Fylkesmannen tek merknaden til etterretning, og nyttar framlegg til formulering frå NVA i forskrifta, jf. § 4 g.
- (ii) Vindkraft; NVE ønsker å ha forskriftsfesta dispensasjonsrett til å bygge anlegg utanfor/tilgrensande verneområdet med dei naturverdiforringane dette måtte påføre

innanfor verneområdet. Fylkesmannen er noko spørjande til innspelet frå NVE. I uttalen stadfestar NVE at det ikkje er noko planar eller forslag om vindkraftverk i området eller omkringliggande område. Me nyttar høve til å peike på at NVE har kome med eit **forslag** til nasjonal ramme for vindkraft, altså ikkje eit konkret forslag om eit vindkraftverk eller konsesjonshandsama søknad. Rapporten er berre NVE sin samanfating av kva dei meiner er aktuelle stor-område for vindkraftverk. Eit vern regulerer direkte berre aktivitetar i sjølve verneområdet, og verneforskrifta kan såleis ikkje ha regelverk som omhandlar utanforliggande framtidig arealdisponering. Fylkesmannen kan såleis ikkje tilrå ein eigen dispensasjonsheimel i verneforskrifta for framtidig hypotetisk vindkraftindustri utanfor verneområdet. Slike høve vil søknadar vere ivaretekne i § 8 generelle dispensasjonsreglar, jf. § 48 naturmangfaldlova.

- (iii) Dam; Fylkesmannen viser til vernekartet som syner at inntaksdammen og regulert elv i samband med Sandvik minikraftverk i sitt heile ligg utanfor vernegrensene. Vedlikehald av dam og elvestrekk nedstrøms vil ikkje vedgå vernet. Derimot går åtkomst til elva og dammen gjennom verneområdet langs Stokkadalsvegen. Me har difor opna for at forbod mot motorisert ferdsel, § 5, ikkje er til hinder for motorisert ferdsel gjennom verneområdet på Stokkadalsvegen mellom Torstveit og Sandvika, jf. § 6 andre ledd bokstav a.